Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 02.03.2026
Vår ref: 2007/1461
Dykkar dato:
Dykkar ref:

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Rapport etter tilsyn hos Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS sitt anlegg på Melsgjerde - Ørsta kommune

Kontrollnummer: 2026.006.I.SFMR.

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 19.2.2026 hos Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, Melsgjerde (organisasjonsnummer: 984068085).

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ein oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

- Avvik 1: Risikovurderinga er ikkje anleggs spesifikk
- Avvik 2: Manglande føring av avvik
- Avvik 3: Manglande prosedyre og måleprogram for utslepp til vann

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. juni 2026.

Statsforvaltaren påpeikar merknader

- Merknad 1: Feil merking på IBC
- Merknad 2: Boks merka farleg avfall i hall for restavfall og bioavfall

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

VØR må betale eit gebyr på 32300 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfmr@statsforvalteren.no og merkar e-posten med sak 2007/1461 og tilsynsnummer 2026.006.I.SFMR.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Risikovurderinga er ikkje anleggs spesifikk og det manglar vurdering for sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegg.
Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Internkontrollforskriften (IK-forskriften) § 5 pkt. 6 om å kartlegge farar/problem
- Løyve til verksemd etter forureiningslova
    - Pkt. 2.2 Internkontroll, 10.1 miljørisikoanalyse og 10.2 forebyggande tiltak

Beskriving av krav
Internkontrollen skal dokumenterast i den form og omfang som er nødvendig for verksemdas art, risikotilhøve og omfang. Dokumentasjon som følger av krav i m.a. forskrifter og løyve, skal inngå. Internkontrollen inneberer at verksemda m.a. skriftleg skal ha kartlagt farar og problem og på denne bakgrunn vurdert risiko, samt utarbeidt planer/tiltak for å redusere risiko, jf. IK-forskriften § 5 pkt. 6. I løyvet er det krav om at verksemda skal til ein kvar tid ha oversikt over alle aktivitetane som kan føre til forureining og gjere greie for risikotilhøve.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Risikovurderinga er ikkje anleggsspesifikk. Det er ein felles risikovurdering for anlegget på Hovden og Melsgjerde, vurderingane kan skiljast i frå kvarandre enkelte stader, andre stader blir lokalitetane gitt same risikonivå trass i at dei er nokså ulike.
Det er ikkje gjort ein risikovurdering av sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegget. På tilsynet blei vi kjent med at anlegget har hatt ein del utfordringar i åra etter oppstart som ikkje var synleg i risikovurderinga.
Risikovurderinga bør óg ta føre seg mogleg forsøpling frå lastingssone og ut i rein sone. Ved synfaring på anlegget kunne vi sjå ein pose med restavfall på utsida av porten (rein sone) til lastingssone for avfall.

Avvik nr. 2: Manglande føring av avvik
Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Internkontrollforskrifta (IK-forskrifta) § 5 pkt. 7
- Løyve til verksemd etter forureiningslova
    - 3.1 Mottak av avfall

Beskriving av krav
Verksemda skal iverksette rutinar (avviksføring) for å rette opp og forebygge overskriding av krav i løyve jf. IK-forskriften § 5 pkt. 7.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Verksemda har ikkje ført avvik når det har oppstått problem med drift av sedimentasjons- og infiltrasjons anlegg. Det har sidan oppstart vore problem med drift av sedimentasjons- og

infiltrasjonsanlegg, til dels på grunn av vasstraumen fram til sedimentasjonskum. Dette har ført til at store deler av vasstraumen frå rein og urein sone har gått til kommunalt nett.

Verksemda har handtert desse avvika som krav til entreprenør, og ikkje som brot på løyve. Det er ikkje ført avvik på manglande prøver frå sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegget.

Vidare er det ikkje ført avvik på utsortert avfall, dette gjeld spesielt for avfall som ikkje er omfatta av løyve og skal leverast vidare.

Det er heller ikkje ført avvik på at de dei siste to åra har motteke meir glas- og metallavfall enn ramma tillet. I årsrapporten frå 2023 og 2024 er det feilaktig kryssa av for at verksemda ikkje har hatt avvik frå løyve det føregåande året.

Avvik 3: Manglande prosedyre og måleprogram for utslepp til vann
Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve til verksemd etter forureiningslova
    - 11.1 Målingar

Beskriving av krav
Det skal gjennom ei risikovurdering av sedimentasjons- og infiltrasjonsbassenget lagast eit måleprogram for når ein skal ta målingar og kor mange det er behov for. Gjennom risikovurderinga skal ein kome frå til kva det skal analyserast for.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Verksemda kunne ikkje legge fram eit måleprogram med prosedyrar for sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegget. Det er ikkje utarbeid ein plan for kva ein skal analysere for. Det er vidare ikkje teke vassprøvar i perioden frå oppstart i 2022 til november 2025. Det blei teke ei prøve i november 2025, men svar på analyser av denne prøven var ikkje klar på tilsynsdagen.

Merknad nr.1: Feil merking på IBC
Verksemda har fleire IBC'ar for oppsamling av avfall som blir plukka ut av prosessen. Ved synfaring på anlegget såg vi at det ikkje var fjerna merking av tidlegare innhald i desse IBC'ane. Ein IBC var merka med farleg avfall, verksemda har ikkje løyve til farleg avfall. Ved gjenbruk skal tidlegare merking fjernast.

Merknad nr. 2: Boks merka farleg avfall i hall for restavfall og bioavfall
Det stod avfall innafor døra til sorteringshallen for rest- og bioavfall, som de meinte var satt der av ein sjåfør. Det såg ikkje ut til at dette området var tiltenkt lagring av avfall, det var blant anna ein raud boks for farleg avfall med ukjent innhald som var plassert der. Verksemda har ikkje løyve til å ta imot farleg avfall.

Vedtak om gebyr
Statsforvaltaren vedtar at Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, må betale eit gebyr på beløp kr 32 300 for tilsynet. Dette svarar til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som ble delt ut etter tilsynet og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ei klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Gunnhild Liva Austvoll
- Kristin Eide

Frå verksemda deltok:
- Hans Peter Eidseflot – dagleg leiar
- Bjarne Solbakken – driftsleder
- Per-Gunnar Indreeide – transport koordinator
- Anne Mette Farstad - kvalitet- og kommunikasjonsleder – delvis til stades

Anlegg
Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:
- Melsgjerde, anleggsnummer: 1520.0102.01

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- handtering av avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar/prosedyrar og avviksbehandling

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon
Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- VØR sine risikoverderinger
- Måleprogram for oljeutskiljar blei ettersendt.

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve
Deler av løyve er ikkje tatt i bruk, vi ber dykk gjere ein vurdering om det er behov for å ha disse avfalls typane/aktivitetane i løyve.

De kan kommentere på rapporten
De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ØRSTA KOMMUNE	**Dalevegen 6**	**6153**	**ØRSTA**